

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, MDG, SP, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. Under punktet «krav mellom tarifflønn mellom oppdrag». I den grad entreprenør eller UE nyttar innleigde frå bemanningsbransjen, skal vedkommande vere fast tilsett i bemanningsbedrifta i tråd med Arbeidsmiljøloven §14-9. Det skal dokumenterast at vedkommande er tilsett i ein stillingsbrøk som passar med den einskilde si arbeidstid i det aktuelle prosjektet. Dersom arbeidet vert utført i ein arbeidstidsordning utover 7,5 timer per dag/37 timer per uke, skal det dokumenterast at det ligg føre skriftleg avtale og arbeidsplan etter Arbeidsmiljøloven §§ 10-5 og 14-6.j).

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere». Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Bonusordningar vert vurdert etablert for å sikre insitament for leverandørane til å auke talet på samla faglærde arbeidskraft. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar på fylkesveg avvike frå kravet i spesielle tilfelle. Ein oversikt over desse avvika vert lagt fram for hovudutval for samferdsel og mobilitet hausten 2022.

4: I tråd med Oslo-modellen og saksframlegget punkt «lærlingar» , vil Vestland ein krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarigheit.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandørar». Fylkestinget meiner at det er ei målsetting å avgrense talet på underleverandørar i vertikal kjede, da fleire ledd med underleverandørar gjer det vanskelegare å sikre at lønns- og arbeidsvilkår er i tråd med lov og bestemningar, samt vanskelegare å kontrollere. I påvente av nasjonalt arbeid om norgesmodell, vert gjeldande formulering på tal underleverandørar vidareført.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (Ordlyd i tråd med vedtak i Hordaland fylkesting).

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriositetskrava.»

**Terje Søviknes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ - fylkesdirektøren si innstilling

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

### Avrøysting

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (FRP, H, 1FNB (Nils Haugland)) og fall.  
Hammer sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (FRP, H, 1FNB (Nils Haugland)).

Andersen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. Under punktet «krav mellom tarifflønn mellom oppdrag». I den grad entreprenør eller UE nyttar innleigde frå bemanningsbransjen, skal vedkommande vere fast tilsett i bemanningsbedrifta i tråd med Arbeidsmiljøloven §14-9. Det skal dokumenterast at vedkommande er tilsett i ein stillingsbrøk som passar med den einskilde si arbeidstid i det aktuelle prosjektet. Dersom arbeidet vert utført i ein arbeidstidsordning utover 7,5 timer per dag/37 timer per uke, skal det dokumenterast at det ligg føre skriftleg avtale og arbeidsplan etter Arbeidsmiljøloven §§ 10-5 og 14-6.j).

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere». Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Bonusordningar vert vurdert etablert for å sikre insitament for leverandørane til å auke talet på samla faglærde arbeidskraft. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar på fylkesveg avvike frå kravet i spesielle tilfelle. Ein oversikt over desse avvika vert lagt fram for hovudutval for samferdsel og mobilitet hausten 2022.

4: I tråd med Oslo-modellen og saksframlegget punkt «lærlinger» , vil Vestland ein krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarigheit.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandørar». Fylkestinget meiner at det er ei målsetting å avgrense talet på underleverandørar i vertikal kjede, da fleire ledd med underleverandørar gjer det vanskelegare å sikre at lønns- og arbeidsvilkår er i tråd med lov og bestemningar, samt vanskelegare å kontrollere. I påvente av nasjonalt arbeid om norgesmodell, vert gjeldande formulering på tal underleverandørar vidareført.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (Ordlyd i tråd med vedtak i Hordaland fylkesting).

7. Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava